

Fiskebåten er verdas største av sitt slag



Den slitne skjeltrålareren «Kovda» fremstår som eit heilt nytt fartøy under namnet «Ocean Azul». Foto: LOS Marine

Den gamle skjeltrålareren «Kovda» har blitt ny. No er fiskebåten klar til å ta fatt på sitt nye liv som verdas største, automatiske linefiskar under sitt nye namn «Ocean Azul». Kontrakten er den største i LOS Marine si historie.

Av [Skipsrevyen](#)

ANNONSE

– I dag er me veldig stolte over å kunne levera «Ocean Azul» til Pescuera Azul Norge AS (PAN).

No har me ferdigstilt vår største kontrakt nokon sinne, seier Olav Hilmar Koløy, dagleg leiar i LOS Marine i ei pressemelding.

Skjeltrålareren «Kovda» blei først bygd i 1987. Reiarlaget PAN kjøpte den i 2018. Etter ombygginga på Rubbestadneset, seglar spesialbåten under nytt namn.

– No står «Ocean Azul» fram som eit hypermoderne nybygg. Så godt som heile fartøyet har blitt nytt. Ei rekkje tekniske nyvinningar gjer kvardagen tryggare både for mannskap og fangst, seier Koløy.

12 meter lenger

«Ocean Azul» skal brukast til å fiska eksklusiv patagonisk tannfisk i Uruguay. I løpet av opphaldet på Bømlo har båten fått forlenga skroget med heile 12 meter.

– Hekkseksjonen på båten er spesialutvikla for å fiska med ein ny type liner. Fisken som bit på djupvasslinene blir kapsla inn i ein modul før han blir heist opp i båten. På den måten unngår ein at dyrebar fangst blir eten opp av kval og rovfisk på vegen opp til overflata. Det sikrar også ein trygg, innandørs arbeidsplass for mannskapet om bord. Dette er ein prototype som kjem til å bli lagt merke til. Du kan seia at dette er verdas største autolinefartøy, seier Koløy.



Olav Hilmar Koløy, dagleg leiar i LOS Marine. Foto: LOS Marine

Fakta «Ocean Azul»:

- Byggeår: 1987 (ferdig ombygd i 2020)
- Lengde: 72,5 meter
- Breidde: 13 meter
- Sengeplassar: 39
- Motor: 2x V12 3500hk ABC motorar (ein hovudmotor og ein generator)
- Gir: Volda
- Hovudtavle: Austevoll Elektro
- Propellanlegg: Wärtsilä